



Biletet syner fortetting av sentrum. Dette vert forsterka når bustadfelta Øvre- og Nedre Halsbrotet er utbygd.

I Arealstrategiplanen for Uskedalen vert det lagt opp til ei fortetting av bygningsmassen i sentrum. Bilete syner at vi er på god veg til å nå dette målet. Konsulentane hjå Multiconsult legg opp til fleire tiltak som vil styrka denne utviklinga.

Planen så langt syner ein god balanse mellom jordvern og utbygging i sentrum. Frå Halsane ser vi klart areal der det framleis er god landbruksdrift. Det er Sandabakkane, Neset, Dønhaug og arealet bak Auto 88 (Bertelsbakkane). Det same gjeld Nedre Fet, arealet sør for Uskedal bru.

Om kort tid vil vi sjå ei sterkare fortetting når husa i Øvre og Nedre Halsbrotet kjem på plass.

Tekst og foto: Kristian O. Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland